

Bringedal attvaled som leiar i Kvinnherad mållag

08.02.2017



Styret i Kvinnherad mållag saman med rådmann Odd Ivar Øvregård, som også er styremedlem i LNK.

**Kristian Bringdal vart attvaled som leiar i Kvinnherad mållag. Med seg i styret har han: Øystein Skjæveland, Lars Børge Sæbøg, Gauke Lund og Anne Karin Fonneland. Målblomen for 2017 vart tildelt bokhandlar og trugen nynorskven, Arne Alsaker. Rådmannen var med på årsmøte i går kveld på Stemneplassen.**

Odd Ivar Øvregård, rådmann i Kvinnherad og styremedlem i LNK ( Landssamanslutninga av nynorskkommunar ) hadde innlegg om målbruk i kommunen. Målbruksplanen ligg til grunn for arbeidet med god målbruk. I ein organisasjon i endring må ein finna gode og tenlege arbeidsverkty i kommunikasjonen med innbyggjarane. Ny heimeside skal vera på plass snart. Det vert i samarbeid med Høgskulen i Sogndal skipa til kurs i saksførebuing og målbruk.

Kvinnherad mållag har over 100 betalande medlemer. Om alle som står på lista hadde betalt innan utgangen av 2016, hadde talet vore 150. Ei hovudoppgåve for mållaget i 2016 var gjesting i barnehagane med bokpakkar. For mållaget var det viktig at ein fekk på plass ein målbruksplan i Kvinnherad kommune. Arbeidet med eit eige songbokprosjekt held fram.

Tekst/nett: Kristian Bringdal  
Foto: Per Spjelkavik